

Ånnerud (gnr. 93)

Ånnerud: Gardnamn som i dette tilfelle mest sikkert kjem av mannsnamnet Arne. Skrivemåten av namnet har vore ustø og er historisk lite kjenneleg.

I skrivne kjelder Arnarudh i Fåberg nemnt i det kjende diplom av 1442, og garden var da adelsgods. Ved skiftet vart så Arnarudh tatt ut som ein lått av biskop Olavs arvelottog vart dermed kyrkjegods. Det ligg da nær å tru at garden ved reformasjonen kom under Kongen, men det er i dette tilfelle ikkje så sikkert. Det ser heller ut til at Arnarud var kyrkjegods ei tid på 15-1600-talet.

I 1557-58 er det såleis fortalt at Peder Annunrudt måtte betale 1 dr. i pengebot fordi han "slo hr. Bents hustru". Truleg var da Peder leiglending hos hr. Bent, men det var her på Ånnerud denne slagsmålkula mellom leiglendingen og prestefrua gjekk for seg. Så går det mange år før ein finn garden omtala. Men i 1629 er Lars Onnerud ført blant dei bønder i Fåberg som da svara leiglendingeskatt i gruppa for "Ødegaard".

Ved matrikuleringa i 1668 vart det vart det gitt fleire opplysningar om "Ånnerud", som gardsnamnet da er skrive. Det er såleis fortalt at landskylda av garden var 1 hud, at brukaren der da heitte Lasse Toresen og var 70 år, men at eigaren av garden i den tid var "Oluff Pedersen i Christiania". Buskapen av store husdyr var 1 hest og 6 naut, og korntienda vart utreidd med 1 $\frac{3}{4}$ tønne, som altså svara til ei årsavling på 17-18 tn. Det er vidare oppgitt at setra til Ånnerud var "Aassoch", men at "Engen var temmelig, og kand lidet forbedris".

Om eigedomsretten til Ånnerud i den tid handlar elles to tinglyste dokument som m. a. fortel at Oluf Persen Abel da hadde gitt pantebrev "på ødegård Aanerud i Faaberg, skyld 1 td. Korn, for skyldige 100 rd. til fru Inger Rytter. Generalmajor Reichweins efterleverske". Men samtidig vart det ved tinget på Mellem i Faaberg lese eit skjøtebrev av kaptein Reichwein om at Anders Christensen i Skien den 25. august 1653 hadde selt garden "Ånnerud" i Fåberg til Roseng Tomesen og hustru i Chr.a. Men ein mannsalder seinare vart det ved tinget på Gustum i Faaberg den 6. okt. 1699 lese eit skjøte frå Johannes Olsen Røfuerud til "Poul Madzen Aanrud paa en ødegaard ved navn Aanerud i Faaberg". Etter atter 15 år let i 1714 Rasmus Pedersen tinglyse eit skjøte på 6 skinn i grd. "Aanderud", som han hadde kjøpt av enken etter Rosen Tomesen, fru Karn Andersdatter. Av same året er og eit trist dokument som etter utskrift av tingboka er referert slik:

"Aanerud. Dokument dat. 6. mars tgl. 14. juni 1720. Paul Aanerud har tatt sig selv av dage og følgelig er halvparten av Aanerud tilfaldt kronen. Rasmus Pedersen Røverud, soldat under Major Brichenhuuses kompani er blitt forlikt med enken efter Paul, nemlig Kirsten Aanerud om å innløse hele eiendommen."

I denne tid kom og matrikkelframlegget av 1723 med fleire nyare opplysningar om gardane. Der legg ein først merke til den tiltalende skriveforma "Aanerud" som namnet der har fått, og vidare at Rasmus Pedersen framleis var eigar og brukar der. Om garden hans er det elles fortalt at den var tungbrukt, men jordarten var god. Husdyrhaldet på garden var da 2 hestar, 1 føl, 12 naut, 8 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæden var kring 3 $\frac{1}{2}$ tn. bygg. Det var skog frå garden nok til brenneved og gjerdefang, seter med god namn, men ingen utslåttar. Det er elles opplyst at det alt da var 1 husmannsplass med brukande jord til garden. Sikkert var det Halvorstua som alt da var busett.

I 1748 finn vi Ånnerud i skrift kalla "Ødegaarden". Det var da eit skifte på "Halvorstue under Ødegaarden i Faaberg", for husmannen Peder Paulsen og kona hans, Siri Christensdtr., var vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live. – Arvebuet var ikkje stort nei, berre netto 7 dalar, og det var 7 born, men det vart da ein dalar på kvar. Namna og alderen på borna var elles: 1. Kjersti, 20 år, 2. Christen, 18 år, 3. Berit, 15 $\frac{1}{2}$ år, 4. Ole, 14 år, 5. Lisbet, 10 år, 6. Arne, 8 år, 7. Sessel, 5 år.

Same året fekk og Nils Rasmusen Aanerud samsøskenskjøte på garden for kjøpesum 70 rd. Dette skjøtet har elles etter utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Aanerud.

Skjøte dat. 14. april 1748 tgl. 12. Juni s. å.

Jørgen Christensen Sjørgendahl av Fåberg prestegjeld som anordnet værge for samtlige umyndige børn etter avdøde Peder Poulsen Halvorstuen, Mads Poulsen, husmann under gården Nordbruket av Ringsaker sogn, Peder Madsen Bachestuen for sin hustru Anne Poulsdtr., enke ved Jørlie, Poul Madsen ved Hindschlev for sin hustru Lisbet Poulsdtr. og Christen Pedersen ved Svartaasen i Ringsaker for sin hustru Berit Poulsdtr. vitterliggjør at gården Aanerud i Fåberg sogn er i året 1714 så vel av deres mor den 19. febr. som av sal. fogden Brun den 6. marts solgt og hjemlet til itsige oppsiddet Nils Rasmusens far avg. Rasmus Pedersen så at bemeldte gård har vært i dette ætleds eie og bruk og blir undisputerlig opsideren Nils Rasmusens odel og eiendom, så har Nils Rasmusen i betraktning av det billige kjøp hans far fik for gården godvillig uttelt til dem samtlige 70 rd., hvorav hver av brødrene får 17 ½ rd. og hver søster 8rd. 3 ort, så nu deklarerer de at de ikke skal gjøre Nils Rasmusen eller arvinger nogen vidare hinder eller anke, men at han skal eie og bruke gården Aanerud som sin sande odel.”

Det var i sanning eit godt skjøte å få. Skjøtet syner dessutan så tydeleg at folk på garden og folk på husmannsplassen ikkje berre søkte samvær, men og samgifte med kvarandre og såleis kunne bli i nær slekt. I samband med skjøtet gav Nils Rasmusen Aanerud samtidig føderådskontrakt til mor si, Guri Jensdotter, for årleg føderåd.

Men i 1760 gav Nils Rasmussen ”Aannerud” skjøtr til svigersonen sin, Christen Larsen Høstmælingen og kona hans, Guri Nilsdtr., på grd. Aanerud, framleis av skyld 1 hud, for kjøpesum 525 rd. + føderåd til Nils Rasmussen og hustru. – Samtidig lånte kjøparen Christen Larsen Aanerud – som han da skreiv seg – 300 rd. av Peder Christensen Hattestad mot 4 % årleg rente og 1. Pr. pant o Aannerud.

Christen Larsen hadde elles Aanerud i berre 4 år. Da gav han i 1765 skjøte tilbake til verfaren Nils Rasmussen på grd. Aannerud for kjøpesum 520 rd., og Nils Rasmussen selde med det same Aannerud vidare til Peter Christiansen Storberge og arvingar for sum 611 rd. Året etter er i 1766 Peter Christiansen kalla Peter Christiansen Møller, og han selde da Aannerud til Ole Halvorsen Hage. Det er opplyst at seljaren Peter Christensen Møller da budde på garden Ulven på Brøttum.

Av 1788 er to skjøte som her er av interesse: Husbonden på Aannerud, Ole Halvorsen, gav da skjøte til sonen sin, Halvor Olsen på ”en under garden Annerud forhen husmandsplads Haldorstuen kaldet med tilhørende sæterbol og vidare herligheter beliggende i Faaberg prestegjeld av 1 ½ skind for sum 190 rd.” Samtidig gav så husbonden, Ole H. Aannerud, skjøte til sonen Peder Olsen på grd. Aannerud, da av skyld 10 ½ skinn for sum 690 rd. og føderåd for resten av levetida til foreldra Ole Halvorsen og hustru Ingebor Pedersdtr.

Den nye husbonden, Peder Olsen, vart elles ingen gamal mann. Han døde i 1793, og det var da etter arveskifte på ”Aanderud”. Ved dette skiftet vart garden taksert for 690 spd., og dødsbuet utgjorde brutto 873 spd., men netto berre 24 spd. Det er opplyst at denne rest på 24 spd. Var etter at desse utlegg var dekte: ”Myndlingen Marit Olsdtr. for hennes i boet innestående arv 180 rd., til Amund Veddum for 150 rd., til Lars roverud for 100 rd., til Jacob Erlandsen Hindklev for 150 rd., til Ole Olsen Aanerud for 100 rd., til sterboenken Marie (Mari) Engebretsdtr. 5 rd., til sønnen Ole Pedersen (3/4 år) 3 rd. og til datteren Ingeborg Pedersdtr. (3 år) 1 rd.” – Enka Mari Engebretsdtr. gifta seg i 1794 oppatt med Erich Erichsen Vedum, som elles døde på Aannerud alt den 30. desbr. 1796, berre 34 år gamal. I samband med dødsfallet var det så den 1. Jan. 1797 atter skifte på Aannerud. Ved dette skiftetvart grd. Aannerud verdsett til 700 rd., og dødsbuet utgjorde brutto 977 rd. og netto 583 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Mari Engebretsdtr. den vesle dottera i ekteskapet, Beret Eriksdtr., som da var 2 år. Mari Engebretsdtr. gifta seg da i 1798 oppatt til sitt 3. Ekteskap og da med Christian Pedersen Ulven frå Brøttum, og dei fekk den 21. jan. sonen Erich.

To år seinare kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar på og/eller ved Aannerud. Det var:

1. familie: Christian Pedersen, husbonden, dragon, 32 år, 2. Mari Engebretsdtr., kona hans, 31 år, 3. Ole Pedersen, son til kona, 9 år, 4. Erich, son til husbondsfolka, 2 år, 5. Ingebor Pedersdtr., dotter til kona, 12 år, 6. Berit Eriksdtr., dotter til kona, 6 år, 7. Jacob Engebretsen, tenestkar, 19 år, 8. Ingebor Engebretsdtr., tenestkvinne, 27 år, 9. Kari Pedersdtr., tenestkvinne, 23 år, 10. Ingebor Pedersdtr., mor til husbonden, føderådskone, 67 år, 11. Marit Olsdtr., dotter hennar, ugift, 23 år.
2. familie: 1. Lars Poulsen, føderådsmann, 66 år, 2. Anne Eliasdtr., kona hans, 67 år.
3. familie: 1. Ole Engebretsen, husmann med jord, 62 år, 2. Marit Pedersdtr., kona hans, 63 år.

Ein må her merke seg det sikkert heilt uvanlege at husfrua hadde vore gift 3 gonger og hadde born med alle sine 3 menn, enda ho berre var 31 år.

Samtidig med dette budde det også ein familie i Halvorstuen. Det var: 1. Halvor Olsen, husbonden, 35 år, 2. Inga Larsdtr., kona hans, 35 år, 3. Ole Halvorsen, son deres, 11 år, 4. Ragnhild Halvorsdtr., dotter deres, 8 år, 5. Ingebor Halvorsdtr., dotter deres, 5 år, 6. Kari Halvorsdtr., dotter deres, 3 år.

Ti år seinare gav Halvor Olsen i Halvorstuen skjøte til sonen Ole Halvorsen ”på pl. Halvorstuen” for 400 rd. + føderåd til faren Halvor Olsen.

På Aannerud var Christian Pedersen brukar framleis i 1819. Han hadde da lånt 280 spd. i den nye Norges Bank i Trondheim. Ved dette er elles det merkelege at låntakaren har notert på obligasjonen at han berre hadde mottatt 275 spd.

Same året, altså i 1819, kom og det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er Aannerud kalla ”Ødegaarden”, og det er opplyst at buskapen av store husdyr der da var 3 hestar og 12 naut, og at den årlrgr kornavlinga i vanlege gode år utgjorde kring 40 tønner. I mellomtida 1801-1819 kan ein og fortelja at husbondsfolka Christian og Mari hadde fått 5 born. Det var: 1. Kristence f. 1803, 2 og 3. Tvillingane Peter og Engebret, døde baa som barn, 4. Agnethe f. 1808, 5. Peder f. 1811.

I 1837 var det Ole Pedersen som hadde fått heimel på Aannerud. Han selde da garden til Ole Halvorsen Bårdseng. – Året etter kom i 1838 den nye matrikkelen, og gardane fekk nye løpenummer og ny matrikkelskyld rekna i skylddalar, ort og skilling. Aannerud, Halvorstuen fekk da løpenr. 237 av skyld 1 dalar 17 skill., og da med Ole Halvorsen som brukar. Aannerud, Ødegården, fekk løpenr. 238 av skyld 6 dalar 1 ort 8 skill., og eigar og brukar der var altså Ole Baardseng.

Ni år seinare var det i 1846 to skylddelingsforretningar på Aannerud. Først vart ein parsell av ”Det gamle Jordstykket Bekken skylddelt ifrå og skyldlagt for 18 skilling, som Ole Baardseng overtok. Så vart resten av garden delt i to like store halvpartar kvar på 3 dalar 7 skilling, og Hans Olsen Aanderud overtok den eine og Knud Knudsen Berger den andre av dei to like store Aannerud-gardane.

Ole Halvorsen brukte sin del av Aannerud til sin død. Men i 1860 gav enka Anne Johnsdtr. Baardsen skjøte til sonen Johannes Olsen på denne parsellen av garden for sum 100 spd.

Men den halvdelen av Aannerud, Ødegården, som Hans Olsen overtok i 1846, vart det i tidrommet 1846-1860 handla fleire gonger. Hans Olsen, som i 1850 skreiv seg for Hans Olsen Høstmælingen, selde da garden til Ole Olsen Skrutvold, men Aannerud, Ødegården, vart same året skjøta vidare ved aukjønsskjøte til Eril Olsen Bergesveen for kjøpesum 1500 spd. + føderåd av verdi 800 spd. – Erik Olsen Aannerud, som han snart skreiv seg, hadde garden framleis i 1858. Det var da skylddelingsforretning på Aannerud, og parsellen løpenr. 238b og c Menkerudengen vart da fråskilt og selt til tømmermann Ole Nilsen Hindklevstuen for 200 spd. Samtidig gav Erik Olsen Aannerud husmannskontrakt på plassen Spikerud til Ole Simensen Hindklevhaugen og kona hans og dei næraste arvingar for levetida. – Med Erik Olsen Aannerud gjekk det elles slik at han vart gjort umyndig, og grd.

Ånnerud, Ødegården, vart så i 1860 selt ved auksjonsskjøte til Johannes Eriksen Mitvold for 3000 spd. + overtaking av eldre føderåd.

På det Ånnerud også av skyld 3 dalar 7 skill. som Knud Knudsen Berger hadde kjøpt i 1846, brukte Knud Knudsen sjølv garden til i 1848, da han gav kjøte til Ole Olsen Skrautvold på dette løpenr. av Ånnerud for 1050 spd. men ved auksjonsskjøte av 1850 kjøpte så Johannes Eriksen Mitvold også dette løpenr. av Ånnerud for 1500 spd. og var dermed eigar av det aller meste av løpenr. 238.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Ånnerud fortalt at på løpenr. 238 Ånnerud som Johs. Eriksen framleis åtte, var da jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkjer tilsm. 288 mål, og av dette var 138 mål jord av 1. klasse. På løpenr. 237 Halvorstuen var dei tilsvarende tal: 48 mål og 25 mål, i Menkerudengen hos O. Nilsen: 24 mål og 3 mål, og på Bekken: 12 mål og 6 mål.

I tida frå 1865 og til 1886 var det derimot etter måten få handlar med Ånnerud og tilliggande bruk. Men litt var det da: I 1874 var Johannes Eriksen Mitvold død, og enka hans, Sigrid Svendsdr., var vorte gift med Ole Christophersen Fliflet. Dei gav så i 1874 kjøte til søskena Erik Johannessen og Anna Johannesdr. på løpenr. 238 Ånnerud for kjøpesum 2000 spd. + eit føderåd verdsett til 500 spd. Tre år seinare var det atter skylddelingsforretning på Ånnerud, og eit engstykke kalla Spiten vart fråskilt og skyldlagt for 17 skilling. I 1883 gav elles Peder Larsen Ånnerud kjøte på sin parsell av garden til Erik Johannessen for kr. 4000.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. – Ånnerud i Fåberg fekk da gardsnr. 93 av samla skyld 16,37 mark, og det var da 3 bruknr. under gardsnr. 93. Det var: Grn. 93, brn. 1 Halvorstuen, skyld 2,64 mark, eigar ell. brukar: Simen Torgersen, brn. 2 Bækken, skyld 0,60 mark, eigar ell. brukar: Postekspeditør H. Andersen, brn. 3 Ødegaarden, skyld 14,13 mark, eigar ell. brukar: Erik Johannessen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at Thore Mathiassen Tøndevold hadde overtatt brn. 1 Halvorstuen, brn. 2 Bækken var overtatt av Ole A. Rud, brn. 3 Ødegaarden hadde da kaptein C. Thrane tilhandla seg, og brn. 4 Spikerud var overtatt av Lars Spiten.

Av handlar i seinare tid med Ånnerud eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1905 gav kaptein Thrane kjøte til O. J. Mengshol for kr. 19000,-. C. J. Mengshol hadde elles Ånnerud berre eit halvt års tid og selde så garden vidare til Even Braatesveen for kr. 22700,-. Den siste kjøparen heldt så på garden til i 1906, da Andreas Ouren overtok Ånnerud, Ødegaarden, for kjøpesum kr. 23000,-. Andreas Ouren brukte så Ånnerud saman med Røyne til i 1912, da han gav kjøte på Ånnerud til sin yngre bror Iver Ouren. – I nyaste tid kjøpte elles Osvald Spiten i 1932 brn. 6 Haugeng, og Asmund Bækkemellem kjøpte i 1939 brn. 7 Furuheim av skyld 0,03 mark.

Etter det var det ved jordbruksregistreringa i 1939 altså blitt 7 bruksnr. under grn. 93 Ånnerud. Blant desse var det likevel berre 2 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 93, brn. 1 Halvorstuen med eit jordbruksareal på ca. 65 mål, eigar og brukar: Sigurd Tøndevold, grn. 93, brn. 3 Ånnerud, areal ca. 180 mål, brukar og eigar: Thorstein I. Ouren.